

Alkoholpolitiske retningsliner 2024 - 2028

Vedtatt i kommunestyret 09.04.2024

Sak 050/24, arkivsak 24/1944

Ansvarleg: Informasjon og service

Innhaldsoversikt

1 Innleiing

2 Heimel

3 Definisjonar

4 Ansvar og delegering

4.1 Delegering til Formannskapet

4.2 Delegering til kommunedirektør

4.3 Delegering til helse-, sosial- og omsorgsutvalet

5 Løyveperiode

6 Vilkår for sals- og skjenkeløyver

6.1 Tidsrom for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

6.2 Rettningssliner for plassering av alkoholhaldig drikk i daglegvarebutikkane

6.3 Vilkår for salsløyver

6.4 Tidsrom for skjenking av alkoholhaldig drikk

6.5 Uteservering

6.6 Avgrensingar ved handsaming av skjenkesøknader

6.7 Vilkår ved einskildløyve

7 Inndraging av sals- og skjenkeløyver

7.1 Overtredings- og inndragingsperiode

7.2 Særlege omstende

7.3 Kommunen sine rutinar ved overtredelsar

1 Innleiing

Kinn kommune sin alkoholpolitikk byggjer i løyveperioden 2024 – 2028 på alkohollova sitt formål om å avgrense skader forårsaka av alkoholbruk, og redusere forbruk av alkohol. Kinn kommune skal være ein attraktiv kommune for innbyggaren, tilreisande, kultur- og næringslivet, der skjenkepolitikken er føreseieleg og krav til likebehandling vert ivareteke.

Retningslinene skal

- vere styrande for alkoholpolitikken i kommunen i perioden, og eit viktig verkemiddel for i størst mogleg utstrekking å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere.
- vere med på å gje rammer for trygge og positive opplevingar rundt stader der det er naturleg å selge og servere alkohol.
- særleg bidra til å skjerme barn og unge mot alkoholmisbruk.
- sikre at næringa får føreseielege rammevilkår.
- vere balansert mellom alkohollova sitt formål om å avgrense alkoholbruken, og næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.
- vere eit viktig verkemiddel i arbeidet med å skape bevisste haldningars til rusmidlar hos innbyggjarane i kommunen.
- gjelde for alle søknader om skjenkeløyve og gjeldande skjenkeløyve.

Kommunen skal jobbe for, og legge til rette for eit trygt og godt lokalsamfunn for innbyggjarane, jfr Folkehelselova § 4.

Kinn kommune tek avstand frå organisert kriminalitet. Med referanse til Stortingsmelding 7 (2010-2011) punkt 4.8 MCkriminalitet, og innstilling frå Justiskomiteen i innst. 58 S. (2011-2012) vert klubbar og kriminelt miljø som her er omtala og forklart, erklært uynskte i kommunen. Desse skal ikkje gjevast skjenkeløyve.

2 Heimel

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven), LOV-1989-06-27 med endringar.

Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften), FOR-2005-06-08-538 med endringar.

Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven), LOV-1997-06-13-55 med endringar.

3 Definisjonar

Alkoholfri drikk: Drikk som inneholder under 0,7 volumprosent alkohol.

Alkoholsvak drikk: Drikk som inneholder fra og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 1: Drikk som inneholder over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 2: Drikk som inneholder over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 3: Drikk som inneholder fra og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

4 Ansvar og delegering

Retningslinene vert godkjent i Kinn kommunestyre, etter tilråding frå helse-, sosial- og omsorgsutvalet, som har ansvaret for løyvesaker etter alkohollova.

4.1 Delegering til Formannskapet

Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere hastvedtak etter § 11-8 i kommunelova ved særskilde høve. Når denne hasteparagrafen vert nytta skal vedtaket rapporterast ved første påfølgande møte i kommunestyret.

4.2 Delegering til kommunedirektør

Kommunestyret delegerer følgjande til kommunedirektør etter § 13 i kommunelova:

- Gje løyve til skjenking i slutta lag (ambulerande løyve).
- Gje løyve til sal og skjenking ved einskildhøve. Før løyve kan gjevast skal der ligge føre vandelskontroll av styrar og avløysar, jfr. alkohollova §1-7c.
- Gje utvida eller innskrenka opning- og skjenketider ved ambulerande og einskildhøve, likevel innanfor gjeldande lovverk og forskrift.
- Godkjenne utvida eller innskrenka skjenkeareal ved einskildhøve.
- Godkjenne endring av styrar og avløysar for allment kommunalt løyve.
- Godkjenne framlagt internkontrollsysten fra den einskilde sals-, serveringsog skjenkestad.
- Fastsetje og krevje inn det årlege gebyret kommunen kan krevje av dei som har kommunalt sals- eller skjenkeløyve, jf. alkoholforskrifta § 6-2.
- Ved særlege høve vurdere og godkjenne redusert løyvegebyr for frivillige lag og organisasjoner.
- Engasjere kontrollørar som skal kontrollere sals- og skjenkestadene slik alkohollova føreset.
- Gjennomføre reaksjonar og gjere einskildvedtak ved brot på lov og forskrifter.
- Kommunedirektør rapporterer vedtekne reaksjonar til helse-, sosial- og omsorgsutvalet fortløpande.

4.3 Delegering til helse-, sosial- og omsorgsutvalet

Kinn kommunestyre delegerer til Helse-, sosial- og omsorgsutvalet å handsame klager på vedtak kommunedirektør har gjort etter alkohollova og serveringslova. Utvalet kan gjere om kommunedirektøren sitt vedtak til gunst for søkeren. Saka oversendast til statsforvalter som klageinstans dersom vedtaket vert oppretthalde i helse-, sosial- og omsorgsutvalet.

5 Løyveperiode

I samsvar med alkohollova §1-6, vert eksisterande faste sals- og skjenkeløyve i Kinn vidareført i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad, og vert gjeldande i lengste tid til 30. september 2028. Dette gjeld også for utsala til Vinmonopolet.

Nye løyver som vert omsøkt i kommunestyreperioden vert gjort gjeldande i inntil 4 år og med opphør seinast 30. september 2028. Etter neste kommuneval må kommunestyret igjen ta stilling til ei eventuell forlenging av løyva i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad.

6 Vilkår for sals- og skjenkeløyver

6.1 Tidsrom for sal og utlevering av alkoholholdig drikk

- Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje fra kl 08.00 til kl. 20.00 på kvardagar.
- På dagar før søndagar og helgedagar skal sal og utlevering opphøyra kl. 18.00, unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. 1. og 17. mai er her ikkje å rekne som helgedagar.
- Sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndagar og helgedagar, 1. og 17. mai.
- Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan skal sal og utlevering opphøyra kl 16.00.

6.2 Retningsliner for plassering av alkoholholdig drikk i daglegvarebutikkane

- Alkoholholdig drikk skal ikkje vere plassert ved inngangsparti, eller slik at varen er direkte synleg når kunden kjem inn i forretninga. Dette inneber også at det ikkje er høve til å sette varen oppå reolane.
- Plassering av alkoholholdig drikk skal vere separat frå det som er å rekne som matvarer.
- Alkoholholdig drikk skal plasserast på ein slik måte at den ikkje kan forvekslast med alkoholfri og alkoholsvak drikk.
- Det skal frå den enkelte søkjær leggast fram detaljert skisse som syner slik plassering.

6.3 Vilkår for salsløyver

- Salsløyve kan tildelast daglegvareforretningar og andre spesialutsal.
- Salsløyve kan tildelast daglegvareforretningar med teknologien RMAbutikkstyring (fjernstyrt butikk). Dette gjeld også i tida butikken ikkje har personale som er fysisk tilstades.
- Vesentleg karakterendring av salsstaden i løyveperioden føreset ny løyvesøknad straks.

6.4 Tidsrom for skjenking av alkoholholdig drikk

6.4.1 Opningstider

- Serverings- og skjenkestadene i Kinn kommune skal halde stengt mellom kl. 03.00 og kl 06.00.

6.4.2 Skjenketider

- Skjenketida for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 er fra kl 08.00 til kl 02.00.
- Skjenketida for alkoholholdig drikk i gruppe 3 er fra kl 13.00 til kl 02.00.

6.4.3 Konsumering

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal seinast vere avslutta $\frac{1}{2}$ time etter skjenketids slutt for dei respektive alkoholgrupper. Dette gjeld både uteservering og inneservering.

6.5 Uteservering

- Skjenkeløyve kan gjevast for uteareal som er ein naturleg forlenga del av ein godkjent skjenkestad.
- Dersom skjenkestaden ikkje eig grunnen for omsøkt uteservering, må det føreligge godkjent leigeavtale med grunneigar før løyve kan gjevast.
- Skjenkeløyve kan gjevast ved særlege friluftsarrangement som festivalar, konsertar, messer etc, med mindre dei berre har barn under 18 år som målgruppe.
- Skjenkeareal på uteservering må vere klart avgrensa mot areal som ikkje er skjenkeareal.

6.6 Avgrensingar ved handsaming av skjenkesøknader

- Skjenkestaden anbefalast å ha meir enn ein godkjent stadavløysar.
- Det skal ikkje gjevast løyve i undervisningssenter/lokalar for barn og ungdom.
- Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve på stader berekna berre for barn under 18 år.
- Det kan fastsetjast redusert skjenketid for skjenkeløyve der lokalet ligg i bustadområde.
- Det vil ikkje verte tildelt skjenkeløyve til éin-prosents MC-klubber, eller klubber som sympatiserer med disse klubbene.

Kommunestyret viser til at det har vore problematisert frå ungdommen i Florø at det ikkje er skjenkestadar for myndige unge frå 18 år inntil dei fyller 20 år. Kommunestyret ber bransjen gjennom sin praksis med aldersgrenser om å legge til rette for at også denne befolkningsgruppa, som vi gjerne vil at skal finne kommunen attraktiv å bu i, kan nyte alkohol under ordna former som skjenkestader er, og ikkje berre bli henvist til andre uorganiserte arenaer. Kommunestyret tek difor etterhald om å kunne endre retningslinjene gjennom perioden og dermed også kunne sette vilkår ved tildeling av skjenkeløyver, dersom dette er eit problem som vedvarer. Det skal vere mogleg å ha utestadar med sakleg aldersgrense utover 18 år, men utfordringa oppstår i en situasjon der alle skjenkestadar har slike grenser som gjer at det ikkje finst eit einaste tilbod til myndige under 20 år.

6.7 Vilkår ved einskildløyve

Ved større einskildarrangement skal det før løyve vert gjeve, leggast fram plan for opplæring og informasjon til vakter, servitørar og andre som skal bidra under arrangementet. Helsedirektoratet sin "guide til god internkontroll" kan nyttast som mal for ein slik plan.

7 Inndraging av sals- og skjenkeløyver

Bestemmelsane om prikktildeling og inndraging (alkoholforeskrifta, §.10) gjeld der kontroll gjennomført i samsvar med alkoholforskrifta § 9, eller rapport frå andre myndigheter, avdekker at innehavar av kommunalt sals- eller skjenkeløyve ikkje har

- oppfylt sine plikter etter alkohollova
- oppfylt sine plikter etter bestemmelser gjeve i medhald av alkohollova
- oppfylt sine plikter etter bestemmelser i lov eller i medhald i lov som har samanheng med alkohollova sitt formål
- oppfylt sine plikter som følgjer av vilkår i løyvedektaket

7.1 Overtredings- og inndragingsperiode

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarende.

Ved berekning av toårsperioden skal tidspunkta for overtredelse leggast til grunn.

Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging starter ny periode ved overdragingstidspunktet.

7.2 Særlege omstende

- Dersom det ligg føre heilt spesielle og særskilt formildande omstende, kan kommunen tildele færre prikkar for ein overtredelse enn kva som føl av alkoholforskrifta §10.
- Dersom det ligg føre særleg skjerpende omstende, kan kommunen tildele fleire prikkar for ein overtredelse enn kva som føl av forskrifta, og kan ved særskilt omstende også auke lengda på inndraginga utover det som nemnt i forskrifta. I dei alvorlegaste tilfelle kan løyvet inndragast for resten av løyveperioden.
- Dersom ovannemnde omstende vert lagt vekt på, skal dette begrunnast særskilt i vedtaket.

7.3 Kommunen sine rutinar ved overtredelsar

- Der det ligg føre grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling av prikkar, jfr. Forvalningslova § 16.
- Uttale frå løyvehavar skal ligge føre i alle instansar der sanksjonsreaksjonar skal handsamast, jfr. Forvalningslova §§ 16, 17 og 19.
- Vedtak om inndraging vert gjort av kommunestyret etter tilråding frå helse-, sosial- og omsorgsutvalet .

- Kommunen bør iverksette vedtak om inndragning innan fire veker etter vedtaksdato.